## Aktivitetsplan 2012 / 13

| Dato | Namn | Ansvarleg |
|---|---|---|
| 26. - 27. okt. | Heim i haust | |
| 9. - 11. nov. | Øvingshelg | Styret, musikkutvalet |
| 11. nov | Basar | Eli, Barytongruppa og trombonegruppa |
| Dag i des. | Julespeling i Måløy | Styret |
| 15. des. | Julekonsert | Styret |
| 29. des. | Juletrefest | Tor Åge, Euphoniumgruppa og tubagruppa. |
| **2013** | | |
| 5. jan. | Nyttårskonsert og årsfest | Ola, musikkutvalet, styret. |
| 16.-17. mars | Konsert/bingokaffi i Grendahuset. | |
| 7. – 9. juni | Stormfestival | Stormkomiteen |

## Snart klart for musikkbasar

Årets musikkbasar kal vere søndag 11. november. Det blir som vanleg mange fine premiar og spennande aktivitetar. Ein av dei mange flotte premiane er dukke med mange flotte heimesydde og heimestrikka kle til. Basaransvarleg Eli Refvik seier at korpset tek imot gevinstar til basaren med stor takk. Har du noko å bidra med, så er det berre å ringe ho (90773013).

I år som i fjor blir det førehandssal av lodd på bøkene på Måløy Brygge og Måløy storsenter. - Så langt vi klarer så kjem vi til å gå rundt med bøker i Vestre Krets, og håpar då å treffe folk heime med kontantar, seier Eli.




BÅTBYGG AS Canon Kvalheim Kraft Nordea

### Sudoku

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | 3 | 5 | 8 | | 6 | 1 | |
| 9 | | | 4 | 2 | | 5 | | |
| 1 | | 8 | | 3 | 9 | | | |
| 5 | | 1 | | | | 2 | | 4 |
| | | | | | | | | |
| 2 | | 4 | | | | 8 | | 1 |
| | | | 8 | 9 | | 4 | | 7 |
| | | 7 | | 6 | 2 | | | 3 |
| | 9 | 2 | | 4 | 5 | 1 | | |

| | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | | 3 | 6 | 2 | | | 8 |
| | 5 | | | | | 9 | 2 | |
| | 7 | | | | 9 | | 4 | |
| 1 | 9 | | 5 | 2 | | 8 | | |
| 5 | | 4 | | | | 2 | | 3 |
| | | 3 | | 4 | 8 | | 9 | 5 |
| | 4 | | 9 | | | | 6 | |
| | 6 | 5 | | | | | 3 | |
| 2 | | | 6 | 1 | 5 | | | |



# Vredens Gnag

Torskangerpoll Musikklag

Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 9 19. årgang Laussal: Gratis Oktober 2012

# Med dans og utan notar



Dei fem skulekorpsa i Vågsøy hadde nyleg ei inspirasjonshelg med fem sørafrikanske instruktører på ungdomsskulen i Måløy. Det vart ei spennande helg der det vart impriovisasjonsspel utan notar og mykje dans og rytmer. Holvik skulekorps organiserte det heile. I tillegg til Holvik var korpsa frå Raudeberg, Måløy, Skavøypoll og Bryggja med.

Helene Færestrand er mentor for dei fem sørafrikanske instruktørane.




**www.torskangerpoll.no**

T o r s k a n g e r p o l l

# BASAR

## Velkommen til

## Torskangerpoll Musikklag

## sin musikkbasar

# Søndag 11. november klokka 16.00 i Våge/Oppedal Grendehus

**Kafeteria, åresal, loddsal, tipping og masse flotte gevinstar på bøkene.**

## Underhaldning ved Torskangerpoll Musikklag og Holvik Skulekorps

**Velkommen**

Arr: Torskangerpoll Musikklag

M u s i k k l a g



## Tilbakeblikk 40 år (året 1972)

**Laur 8. og søndag 9. jan**: Speling på redningsbasar.

**Ons 17. mai**: Salutt og musikk frå Oppedal kl 07.00. Frukost hos Borgny og Ingolf Oppedal. Folketog kl 15.00 frå Gravdal til Vågsberget og deretter til skulen. Fint ver. Festen slutt kl 20.00. Desse var med og spelte: Arne Torskangerpoll, Sigrid Torskangerpoll, Ivar Torskangerpoll, Audun Torskangerpoll, Alfred Færestrand, Bjarte Færestrand, Rune Færestrand, Audun Færestrand, Asbjørn Førestrand, John Våge, Terje Våge, Asbjørn Våge, Kåre Våge, Helge Oppedal, Bjørn Oppedal, Leif Bergesen, John Øvrelid, Arne Øvrelid, Lidvard Oppedal. Sverre Torskangerpoll, Åsta Seljenes og Inger Våge bar fane og duskar.

**Laur 3. og søn 4. juni**: Musikkstevne på Breim med innkvartering på gjesteheimen. Oppmarsj, opning, konsert og stemnefest med rømegraut, spekemat og kringle, samt gammaldans laurdag. Søndag var det kyrkjekonsert der TPM spelte «Navnet Jesus…» og «Fager kveldsol» arrangert av Arne T. Seinare oppmarsj og ettermiddagskonsert. Turen gjekk med buss.

**Søn 29. okt:** Årsmøte.

**Lau 25. og søn 26. nov:** Basar i Gravdal. Johan Kvistad las dikt og fortalde om Wildenvay. Lynlotteri var nytt av året.

**Søn 10. des:** Julekonsert i Vågsvåg der Måløy songlag deltok og Arnfinn Slinning heldt andakt. Kollekt til kirkens nødhjelp.

**Søn 17. des:** Julekonsert i kyrkja.

**Man 25. des** (1. juledag): Speling på høgmessa. Kyrkjebuss frå Oppedal.

**Ons 27. des:** Speling i kyrkja ved Åsta og Arne sitt bryllaup. Harald Oppedal dirigerte.

**Fre 29. des:** Juletrefest i Gravdal. Kolbjørn Aske tala.

JW



